



Husnes-klasse på Haugland skulemuseum. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er no inngått avtale mellom kommunen og Haugland og Musland Grendalag om at Haugland skulemuseum har tilgang til bruk av toalett i kjellaren i forsamlingshuset Vonheim.

Arbeidsutvalet for skulemuseet og verksemdsleiar for kultur og fritid har utkvittert nykkel.

Det heiter i avtala at eigar skal sjå til at toaletta er vaska og til ei kvar tid klar for bruk. Dette gjeld mellom anna at det er toalettpapir, såpe og ljøs i lokale.

Ved bruk er leigar ansvarleg for nykkel og opplåsing/stenging.

Leiga vert sett til 250 kroner pr. bruk (dag). Årleg leige er likevel i det minste 1.000 kroner.